

Oppdragsskildring – Istandsetting og oppgradering av buforvegar, stiar og murar i Mørkridsdalen landskapsvernområde

Oppdragsgjevar er Breheimen nasjonalparkstyre. Meir informasjon om Breheimen nasjonalparkstyre finn ein på heimesida: www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen.

Nasjonalparkstyret har årleg arbeid med istandsetting av stiar/buforvegar i verneområdet. Dei komande åra er det også aktuelt å setje i stand det gamle steingjerdet på Dulsete. Arbeidet på buforvegar/stiar vert prioritert både for å fram dyr på beite og for å legge betre til rette for ferdsel i området. Nasjonalparkstyret får årleg løyving av tiltaksmidlar over statsbudsjettet. Val av tiltak som kan setjast i gong er avhengig av løyvde midlar det einskilde året, og kan variere frå år til år. I 2018 er det planlagt å starte arbeidet med istandsetting av buforvegen i Mørkridsdalen mellom Dulsete og Liane og av stien/buforvegen mellom Mørkrid (frå Jervane) og Fast. Dersom det er kapasitet innanfor budsjetttramma kan det vera aktuelt å utføra arbeid på fleire stiar.

Buforvegane/stiane ligg i Mørkridsdalen landskapsvernområde, som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar. Det kan ikkje nyttast køyretøy på buforvegane/stiane. Skjolden vil vera utgangspunkt for reise til tiltaksområda der arbeidet skal utførast.

Det kan sendast tilbod på heile eller delar av tilbodskonkurransen. Det kan bli aktuelt å skrive avtale med fleire tilbydarar.

Type arbeid:

Istandsetting av buforveg og sti:

- Reinske grøfter og leia vekk vatn frå buforveg/sti.
- Rydding av tre og busker langs buforveg/stitrase for å halda breidda på buforveg/sti og for omlegging av stien på aktuelle punkt.
- Arbeidet skal utførast manuelt, men med bruk av handreiskap som motorsag og ryddesag.

Muring og steinsetting av buforvegar og stiar

- Reinsking av grøfter og bortleiing av vatn.
- Fjerning av store steinar og berg i dagen frå traseen.
- Legging av stein evt. klopper i våte og opptrakka parti der det er beste løysing.
- Fjerna vegetasjon som har vakse utover murane. Det skal revegeterast etter murarbeid.
- Vedlikehald av mur i vegfot, muringsarbeid.
- Vurdere sikring mot elv i utsette parti.
- Fjerne gamle boltar som ikkje lenger har nokon funksjon.
- Stein kan plukkast frå området. Dersom det ikkje er stein tilgjengeleg nær stien, kan stein fraktast til området med helikopter, med atterhald om løyve frå grunneigarar og nasjonalparkstyret om uttak av stein.
- Det kan nyttast frostsprenging/ekspansjonsmasse for deling av steinar.
- Det kan nyttast boremaskin og boltar for å sikre murar eller feste trinn der det vert vurdert som beste løysinga. Val av løysing må avklarast med verneområdeforvaltar.
- Arbeidet skal utførast manuelt.

Restaurering av steingjerdet på Dulsete:

- Manuell muring.
- Ta ned del for del, for så å byggje oppatt gjerdet slik det var tidlegare.
- Så langt som råd, skal ein nytte stein som tidlegare har vore brukt i gjerdet og som ligg ved gjerdet og i grunnen under gjerdet.
- Det skal revegeterast etter at kvar delmur (kvart delprosjekt) av gjerdet er sett oppatt slik at ein avsluttar kvart delarbeid for seg.
- Ved behov for henting av stein frå annan stad skal ein først vurdere å hente stein med helikopter frå steinurer ovanfor Dulsete. Det er ein føresetnad at det vert gitt løyve frå grunneigar og Breheimen nasjonalparkstyre til uttak av stein.
- Evt. kan stein fraktast til området med helikopter frå steinurer i nærleiken, frå område utanfor verneområdet, med atterhald om løyve frå grunneigar.

Kostnad med transport av klopper, stein til området kan fakturerast etter avtale.

Detaljar for utføring av arbeidet vert avtalt med leverandør under synføring før oppstart av kvart oppdrag.

Tiltaka føreset godkjenning frå grunneigarane.

Det er usikker kor lang tid det vil ta å utføra oppdraga, og kor omfattande oppdraga er. Arbeidet er mellom anna avhengig av vertilhøve og årlege løyvingar av tiltaksmidlar nasjonalparkstyret. Arbeidsomfanget pr. år vil truleg vera opp til kr. 250 000,- eks. mva. Oppdraget vert lyst ut med atterhald om finansiering over statsbudsjettet i oppdragsperioden. Oppdragsperioden er to år, med opsjon for ytterlegare to år. (2+1+1 år).